

---

**Fra:** Gro Håland  
**Sendt:** 15. mai 2014 15:04  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Høyring Trafikksikringsplan

Hei.

Eg har fått denne uttalen frå Su Bø bhg på e-post til Trafikksikringsplanen.

Su i Bø barnehage ønskjer at trafikksikringsplanen til Radøy kommune må ta med gangfelt og/eller fartsdumper + veglys frå krysset ved Nordbøvegen og ned mot barnehagen. Mange held ikkje fartsgrensa ned mot barnehagen og det har vert ein del uønska episodar grunna dette. Det er ikkje trygt for dei som går med barna sine til barnehagen slik det er i dag.

Det bør og kome lys som lyser opp på parkeringsplassen utanfor barnehagen. På vinterstid når det er mørkt og uoversiktleg, så lys på parkeringsplassen vil vere eit god førebyggjande tiltak.

Det bør og takast med å lage ny eller utbedra parkeringsplassen utanfor barnehagen. Her bør det bli fleire parkeringsplassar, då dei få som er der er tatt av leigetakara i kommunehuset. Det bør og vere oppmerka parkeringsplassar slik at ein på best mulig måte kan nytta plassen.

Mange parkerer « i front ned mot barnehagen», og såleis stengjer vegen inn mot trygdeboligane. Her bør det komme ein eller anna form for stoppar.

Su ønskjer og at ein tek med gangfelt frå barnehagen- til skulen- ned bakken mot Gradnatun og opp mot Hordabøhallen. Barnehagen har pr.idag bergensa turveggar då det vert for utrygt å ta barna med på tur ned den vegen.

Gro